

# Årdal kommune

## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
140/17	Formannskapet	12.12.2017
082/17	Kommunestyret	21.12.2017

**Sakshandsamar:** Svein Arve  
Grindhaug

**Arkiv:** K1 - 243

**Arkivsaksnr.** 16/342 -  
17/13794

### Prioritering av anlegg for spelemiddelsøknader 2018

#### Saka gjeld

Kommunen må gå gjennom spelemiddelsøknadene og prioritere rekkefølge på søkerne til årleg tildeling av spelemedialar.

#### Bakgrunn

Kommunen må gå gjennom sine anlegg; planlagde, under arbeid og ferdige for å oppdatere kva anlegg det skal søkast spelemedialar for. Prioritering mellom dei ulike anlegg er kommunestyret sitt ansvar.

#### Drøfting

I 2017 fekk Årdal Kommune tilslagn om at to anlegg fekk tildelt spelemedialar. Dette var utviding av standplassar på Knipenborg skytebane. Desse kan no takast ut av kommunen si søkerliste og vi må setje inn nye anlegg eller anlegg som ikkje har nådd opp i prioritering tidlegare.

#### Kategori ordinære anlegg:

*Ridehall, Seimsdalen*

Under denne kategorien kjem rehabilitering av ridehallen i Seimsdalen. Denne er under bygging, men er pr d.d. ikkje ferdigstilt. I tillegg vert denne styrt av regional plan. Den vart spelt inn til denne i samband med rullering i haust.

*Loi skytebane:*

Denne fekk tildeling ved saka i Fylkestinget i vår. Den kan såleis kvitterast ut frå prioriteringane.

*Kunstgrasbane, rehabilitering*

Denne var i utgangspunktet tenkt rehabilert i 2018. I samband med rullering av investeringsplan vert denne no skyvd eit år til 2019.

### *Friluftsballenget, Øvre Årdal*

Bassenget vart rehabilert i 1997. Slitasjen på dekket er stort og det har dei seinare åra vore føreteke fleire naudreparasjonar. Anlegget er sett opp i økonomiplanen med rehabilitering i 2020. Kostnad er sett til 1,5 mill.

Samstundes ser vi at skliene i utebassenget i Øvre Årdal no er prega av alderen. Dei vart bygd nye i 1997. Det er ikkje føreteke kostnadsoverslag eller vurdering av kor lenge dei vil halde, men dette bør gjennomførast i 2018.

### *Jotun stadion:*

Denne vil omfatte kunstgras eller rehabilitering av naturgraset, rehabilitering løpebane og lys på stadion. Saka har vore arbeida med i Idrettsrådet. Så langt føreligg det ingen planar, medan totalkostnadene i 2016 vart rekna til minimum 7,5 mill pluss moms. Kommunen har ikkje sett av midlar verken i budsjett eller langtidsplan, men anlegget er spelt inn på marginallista for tippemidlar i perioden 2020- 2024. Skal denne kome opp til vurdering må kommunestyret gje signal om dette gjennom drøfting og vedtak i samband med budsjett og økonomiplan. Særleg løpebana er no i ein forfatning som gjer at den ikkje er teneleg til anna enn trening. Samstundes er det viktig å merke seg at dersom ein legg til grunn at det vert lagt kunstgras på stadion er ikkje lenger anlegget fullverdig for friidrett då kastøvingane (spyd, diskos, kule og slegge) ikkje lenger kan utøvast på anlegget. Løpedekket er frå 1978.

### **Kategori nærmiljøanlegg:**

#### *Klatreparken Klatrejungel.*

Denne er no ferdig bygd, og bør kome inn med tilskot i 2018. Offisiell opning oktober 2017

#### *Kraftbingen, Seimsdalen.*

Denne er også bygd. Sjølve anlegget har vorte bygd av interessentar, medan kommunen har stått som offisiell eigar/drivar.

#### *Crossfit/treningspark.*

Denne er vorte finansiert, prosjektert og bygd i løpet av 2017. Den vart opna samstundes med Klatrejungel. Saman skaper dei eit heilskafeleg klatreanlegg med fokus på eigenstyrd aktivitet. Anlegget er utarbeida i nær kontakt med Fylkeskommunen med sikte på at det skal ha rett på spelemedilar.

#### *Berliner, skuleplassen på Farnes skule*

Anlegget er nesten ferdig. Det har hatt kort byggetid då det har vorte arbeida med parallellt

med Crossfit/treningspark og

*Multianlegg, skuleplassen Farnes skule.*

Også dette anlegget er vorte utformna i nært samarbeid med Fylkeskommunen. Det har saman med Berliner eit heilheitleg preg der det vert sett fokus på eigenstyrd trening. Alle anlegga er i tråd med intensjonane frå både sentralt, regionalt og likalt hald om å skape anlegg som innbyr til trening aog aktivitet utanom den organiserte idretten.

### **Kategori anlegg for friluftsliv:**

*Dagsturhytte.*

Denne er no bestemt plassert på Moakamben. Staden er plukka ut, og det føreligg muntleg avtale med grunneigar. Kommunen er i ferd med å klargjere utkast til skriftleg avtale. Samarbeidspartner er Årdal Turlag med undergruppe Gålaget.

Hytta er teikna, og det er vald entreprenør. Levering til Årdal vil vere på våren 2018. Her vil Sparebankstiftinga gå inn med kr 200 000 i direkte støtte samstundes som vi vil få inntil kr 300 000 i tippemidlar. Dette er ei totalentreprise som omfattar både produksjon og montering av hytta. For kommunen sin del er det vesentlege at vi har ei gruppe eller enkeltpersonar som kan vere med på mindre førebuingar i terrenget og i etterkant kan føre tilsyn med bygget. Denne har vi gjennom samarbeidet med Gålaget

### **Økonomi**

Den største utfordringa med dei anlegga som no vert reist i regi av kommunen er forskottering av tippemidlar. Anlegga er fullfinansiert, og kommunen får refusjon av moms, samt vil gjennom å nytte mogelegheitene som ligg i tippemidlar få ein vesentleg del av kostnadene dekka der.

### **Folkehelseperspektiv**

Perspektivet som låg i tilsvarande sak i 2016 med fokus på nærmiljøanlegg og anlegg for eigenstyrd trening har vorte førd vidare i dette året. Det har ført til meir utbygging av anlegg i kommunen, og då særleg nærmiljøanlegg. Dette er i tråd overordna målsetjingar, og vi ser alt no stor interesse for å bruke anlegga. Vi har tru på at denne utviklinga vil halde fram ved at dei som i dag er mindre aktive finn inspirasjon til å auke både frekvens og mengde.

### **Miljø**

Anlegga er bygd med fokus på minst mogeleg miljøavtrykk. Samstundes bør dei kunne legge til rette for minst mogleg vedlikehald og gjennom det også vere effektive anlegg.

### **Tilråding:**

Årdal kommune vedtek vedlagt handlingsplan som si prioritering for tippemiddelsøknader i

2018.

12.12.2017 Formannskapet

Tilråding frå rådmann vart teken opp til røysting.

Røysting.

Tilråding frå rådmann vart vedteken samrøystes.

**Fskap-140/17 Vedtak:**

Årdal kommune vedtek vedlagt handlingsplan som si prioritering for tippemiddelsøknader i 2018.

21.12.2017 Kommunestyret

Marie Helene H. Brandsdal, AP fremja tilleggsforslag

Årdal kommune skal inngå samarbeidsavtale med idrettsrådet. Avtalen skal vere med på å:

- \* fremje felles mål om idrett, fysisk aktivitet og folkehelse for alle i kommunen
- \* sikre god samordning og kommunikasjon mellom kommunen og idretten
- \* klargjere viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar til samarbeidet
- \* sikre god ressursutnytting av offentlege midlar til idrettsanlegg og aktivitet

I avtalen mellom idrettsrådet og kommunen, skal kommunen legge ut informasjon frå idrettsrådet som t.d. sakslinger og møtereferat.

Formannskapet sin tilråding og tilleggsframlegg frå Marie Helene H. Brandsdal, AP vart teken opp til røysting.

Røysting

Formannskapet sin tilråding og tilleggframlegg frå Marie Helene H. Brandsdal, AP vart vedteken samrøystes.

**KST-082/17 Vedtak:**

Årdal kommune vedtek vedlagt handlingsplan som si prioritering for tippemiddelsøknader i 2018.

Årdal kommune skal inngå samarbeidsavtale med idrettsrådet.

Avtalen skal vere med på å:

- \* fremje felles mål om idrett, fysisk aktivitet og folkehelse for alle i kommunen
- \* sikre god samordning og kommunikasjon mellom kommunen og idretten
- \* klargjere viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar til samarbeidet
- \* sikre god ressursutnytting av offentlege midlar til idrettsanlegg og aktivitet

I avtalen mellom idrettsrådet og kommunen, skal kommunen legge ut informasjon frå idrettsrådet som t.d. sakslinger og møtereferat.

**Vedlegg:**

Prioritering av spelemiddelsøknader 2018 og handlingsprogram 2018

Referat Årdal idrettsråd161117